




Musikarduo i aksjon i kyrkja julekvelden: Peter Couzens og Vegard Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

130 var til stades på julekveldsgudsteneste i kyrkja denne gongen - omtrent like mange som i fjor. Det var ikkje mange plassar ledige.



[Arne Lindekleiv hadde messa i kyrkja julekvelden.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne gongen var det kyrkjeverje Arne Lindekleiv som hadde messa.

Organist Peter Couzens hadde musikalsk assistanse av 15-åringen Vegard Døssland på kornett. I fjor spela han for første gong i kyrkja, men er allereie svært flink. Han fekk da også ros i kyrkja av kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark.

- Det er kjekt med ekstra musikk, sa ho.